



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
15/211419-2

Dykkar referanse:  
15/2719-15/18683

Vår dato:  
03.12.2015

### Opstart av planarbeid for områderegulering Frekhaug senter – PlanID 1256 2010 0004 – Meland kommune

Vi viser til motteke varsel om start av planarbeid for endring av Områderegulering for Frekhaug senter, datert 14.10.2015.

Føremålet med endringa er å avklare tema kring byggjehøgder og justere føresegner slik at dei i tilstrekkeleg grad ivaretek intensjonen med områdeplanen. Det gjeld i hovudsak utnyttingsgrad og byggjehøgder som er tema. Det er såleis ei avgrensa reguleringsendring som er tenkt.

Gjeldande områdereguleringsplan vart vedteke 09.04.2014. I arbeidet med den planen var det ein omfattande prosess om mellom anna vegsystem, kollektivterminal og universell utforming. Statens vegvesen ser det ikkje som hensiktsmessig å ta opp att desse tema i denne omgang, då det berre er tenkt å gjere ei mindre endring på ein gjeldande plan. Vi har difor ingen merknader til det varsla planarbeidet.

Vi vil likevel gjere merksam på at vi ser trong til å vurdere dei regulerte vegløysingane langs fv. 564 på nytt i eit seinare planarbeid, mellom anna i lys av kommuneplanens arealdel vedteke 17.06.2015. I den planen er det lagt ut eit større område nordvest for fv. 564 til kombinert busetnad- og anleggsføre mål. Desse er venteleg tenkt å ha tilkomst på fv. 244 Sagstadvegen, nær kryss med fv. 564. I gjeldande områdereguleringsplan for Frekhaug senter er krysset mellom fv. 564 og fv. 244 ikkje dimensjonert for denne trafikkveksten. Her vil det venteleg vere trong for ein meir arealkrevjande løysing, for å ivareta tryggleiken i krysset.

Som kjent er Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av del av fv. 244, høgt prioritert i forslag til Nordhordlandspakke. Med bakgrunn i det nye utbyggingsområdet i kommuneplanen, er det trong for ei oppdatering av regulert vegløysing for kryssområdet. Statens vegvesen vurderer at krysset ikkje kan byggast ut etter gjeldande områdeplan .

Vi vil òg etterspørje dei tekniske teikningane som blei utarbeidd av Constrada for Meland kommune i samband med planarbeidet i 2014, der det mellom anna blei sett på detaljar knytt til universell utforming av vegsystem, gang- og sykkelssystem og kollektivterminal. Vi ynskjer å få desse teikningane tilsendt.

Plan og forvaltning – Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*